Førsteblad



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Ullensvang

Emne: Ard og plog

Bygdelag: Sørfjorden

Oppskr. av: Rikar Rogdo

Gard: Rogdo

(adresse): Nå

G.nr. 62 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Vilhelm Rogdo, Nå. Noko etter eiga røynsle.

SVAR

1. Her i bygda brukar dei berre plog no. Før bruka dei ard.

2. Dei bruka ikkje arden til å laga rader med når dei sette poteter, så vidt me veit. Dei pløgde med ard før såinga. Dei pløgde berre på tvert. Kornet horva dei med med ei kornhorv.

3. Arden har ikkje vore brukt som hyppeplog. Hyppeplogen er nett som ein annan plog, men han har veltefjøler på begge sider og så er han noko mindre.

4. Dem arden som dei bruka her såg slik ut.



2306

5. Skjeker av typen fig. 4 har ikkje vore brukt på typen fig 3.
6. Folk hugsar ikkje namnet på dei ymse delane på arden.
7. Så vidt me veit brūka dei berre eitt slag ard-skjer.
8. Arden hadde ikkje velte-fjøler eller liknande som laga større forer.
9. Ordet ard vart ikkje brūkt som hovder.
10. Det var ikkje råd å stilla kor djūpt arden skūlle gå.
11. Dei brūka ikkje typane fig. 6 eller 7.
12. Det som var av tre på arden laga dei heime. Det som var av jarn laga bygde-smedar.

— / — —

13. No brūkar dei berre moderne fabrikk-smidde plogar her. Dei gjekk over frå arden til desse plogane for 35-40 år sidan.
14. Plog fig. 8 vart ikkje brūkt her i bygda.
23. Fig 12 vart heller ikkje brūkt.

2306

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING